



Kø i Fjellhaugen eit tidlegare år. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det er gråver og skodde nede i Uskedalen, men i Fjellhaugen Skisenter er det fine køyreforhold, opplyser vaktbua klokka 9 laurdag. Der er det no inga skodde! og null grader.

Anlegget opnar klokka 10 og stengjer klokka 16.

Lysløypa er poreparert og kan også by på gode forhold.

Karusellrennet som måtte utsetjast sist helg på grunn av problematiske ver- og føreforhold vil bli avvikla tysdag 25. januar klokka 18.30 i klassisk. Barnerennet startar klokka 18.

Det er problem med nettforbindelsen frå anlegget og det kjem difor ikkje oppdaterte verdata og bilete frå webkamera.

Frå og med den førre sesongen vart det innført betaling i barnetrekket for alle fra 7 år. Dagskortet for å køyre i barnetrekket kostar 50 kroner.

Også i Tveitedalen er det fine forhold i dag.